



Garmann, Mitchell & Co Advokatfirma v/Arild
Solheimsnes
Thormøhlens gate 33D
5006 BERGEN

Dato: 31.05.2017
Vår ref.: 2017/234-12
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknader om ruteløyve på vegne av Flesland Parkering AS og Smartpark Drift AS - melding om vedtak

Vi viser til dykkar to brev av 28.02.17 på vegne av Flesland Parkering AS og Smartpark Drift AS, om ruteløyve.

Fylkesutvalet gjorde i møte 23.05.17 følgjande vedtak:

Fylkesutvalet tildeler Flesland Parkering AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen – Bergen Lufthamn. Løyvet gjeld for ti år.

Ved fornying av materiell vert Flesland Parkering AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.

Det blei i same møte gjort følgjande vedtak:

Fylkesutvalet tildeler Smartpark Drift AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen – Bergen Lufthamn. Løyvet gjeld for ti år.

Ved fornying av materiell vert Smartpark Drift AS oppmoda til å nytte meir miljøvenleg teknologi.

Vi har i dag sendt ruteløyvedokument til dei respektive selskapa, saman med følgjande orientering:

Vi gjer merksam på at løyve gjev rett og plikt til å drive rutetransport etter yrkestransportlova § 2 (1), jf. yrkestransportforskrifta § 25. Ruteløyvet gjev ikkje rett til å drive drosjetransport eller liknande etter § 4 eller § 9 i lova.

Vi gjer vidare merksam på at diskriminering av passasjerar på grunn av nedsett funksjonsevne som hovudregel er forbudt, jf. diskrimineringslova §§ 5, 6 og 7. Det er i forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. fastsett konkrete krav til vognmateriell som vert nytta i rutetransport.

Vedlagt følgjer ruteløyvedokument. Originalen skal oppbevarast på hovudkontoret. Kopi skal følgje motorvognane som vert nytta i drifta, saman med turvognløyvedokument og dokumentasjon på dispensasjonsrett over motorvognane.

Dette til orientering.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.